

Alver kommune
byggesak

Knarvik, 04.06.2021

Tilsvar til nabomerkander:

planering av område BB5 Kubbleitet reguleringsplan gbnr 137/185 mfl.

Vi har sendt ut nabovarsel via Altinn 24.03.2021

Det er komen inn to nabomerknader, frå gbnr 137/175 og 137/38.

Merknad frå gbnr 137/175.

I høve merknad frå gbnr 137/175 handlar den slik vi ser det om merknad til reglane i reguleringsplanen. Merknaden seier at bygget på BB5 vert for stort/høgt, for nært (annan nabo 137/773), og at desse forholda bør vurderast på nytt.

Vi har skreve attende om dette til eigar i epost (vedlegg), der vi presiserer at noverande tiltak handlar om planering av området og ikkje bygget. Vidare at reglane i reguleringsplanen har vorte til gjennom ein lang prosess med moglegheit for medverknad, og at desse reglane ikkje vert vurdert på nytt no.

Merknad frå gbnr 137/38.


Dette er merknadar som har ulike aspekt, der dei fleste merknadane er av privatrettsleg karakter. Vi tek ei oppsummering her.

A) Vegrettar og sti.

Gbnr 137/38 har tinglyst sti/gangrett gjennom området fram til sitt naust ved sjø, denne stien/vegen er mellombels lagt om slik at den går utanom det mest belasta anleggsområdet. Sjølv om dette ikkje er spesielt populært, lyt HMS i høve anleggsarbeid gå føre kort veg til sjø. Vi har i etterkant hatt samtale med dei berørte og vil vurdere tiltak slik at stien kan verte nytta om forholda ligg til rette før ferien.

B) Veg f_V7

Det er ingen usikkerheit i høve denne vegen. Vegen er vist på reguleringsplan og vil verte bygd etter gjeldande plan. Som nemnd på felles statusmøte 15.03.2021 der merknadsskrivar også var til stades, ligg det ikkje føre konkrete planar om bygging f_V7 pr i dag. Vegen kan realiserast så snart det ligg føre tilstrekkeleg finansiering. Slik det ser ut no lyt alle aktørane/utbyggarane (minst 4) i denne delen av planen bidra til dette samstundes. Vi har dei siste to åra forsøkt å bidra til realisering, men pga av desse og andre forhold har det vist seg noko vanskeleg.



Kjell-A. Reigstad
Ansvarleg søkjar

VISJON:

HEILSKAP
OG KVALITET

Osterfjordv. 124
5914 Isdalstø

Org.nr :
982 231 345

epost: post@reigstadbygg.no

heimeside: www.reigstadbygg.no

Dagleg leiar:
Geir Reigstad:
92 60 82 35
geir@reigstadbygg.no

Bygg

Fagleg leiar:
Håkon Reigstad
92 60 82 36
hakon@reigstadbygg.no

Fagleg leiar
byggesak og
prosjektering:
Kjell Reigstad
97 74 79 64
kjell@reigstadbygg.no

Teikning
Prosjektering,
Byggesak
Nybygg
Tilbygg
Bustad
Garasjar
Hytter

Entreprenør

Fagleg leiar
Rolf Reigstad
90 03 97 61
rolf@reigstadbygg.no

Graving,
Boring
Sprenging
Transport
Støyping
Natursteins
Muring
Uteareal
Grøntareal

